



Nasjonalparkstyret  
for Reinheimen

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Reinheimen  
**Møtested:** Teams  
**Dato:** 05.05.2023  
**Tidspunkt:** 13:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Styremøte blir gjennomført på Teams, fra kl. 13:00 - 15:00. Mindre pauser blir avklart underveis i møte.

Vel møtt til styremøte på Teams!

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 23/2023	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 24/2023	Orienteringar		
ST 25/2023	Referatsaker		
	Sluttbehandling av kommuneplanens arealdel Lom - oppfølging av motsegner frå Statsforvaltaren før endeleg vedtak		2021/8919
ST 26/2023	Delegerte saker		
DS 30/2023	Søknad - Reinheimen NP - snødekt mark - helikopter - riving av naust - uttransport av båt - Langvatnet - Langfjellet hyttelag		2023/3689
DS 31/2023	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2023 - 2025 - utkøyring av saltstein til Grønbågen i Grøndalen - Lesjaskog Beitelag v/Karl Øygarden		2023/3681
DS 32/2023	Muldalslia NR - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - helikopter - transport av grus - Muldalsvegen - Muldalsbakkane Veglag		2023/3626
DS 33/2023	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - reparasjon av tak på Leirungsbu - Jon Arild Jøingsli		2023/3260
DS 34/2023	Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - helikopter - Tafjordsætra - Britt-Ingunn Tafjord Walle		2023/3622
DS 35/2023	Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - transport av ved - Vakkerstøylen - DNT Sunnmøre		2023/3838
ST 27/2023	Reinheimen NP - dispensasjon - Gjeterbu ved Krokuttjønne i Lordalen - Lordalen Beitelag SA		2022/6320
ST 28/2023	Høyring - revidering av handlingsprogram - regional plan for Ottadalsområdet		2023/3305
ST 29/2023	Finndalen LVO - dispensasjon - rive eksisterende hytte - oppsetting av ny hytte gnr 159 festnr 10 - Mona og Arild Fallinggen		2022/7191

**ST 23/2023 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar**  
**ST 24/2023 Orienteringar**  
**ST 25/2023 Referatsaker**  
**Sluttbehandling av kommuneplanens arealdel Lom - oppfølging av motsegner frå Statsforvaltaren før endeleg vedtak**  
**ST 26/2023 Delegerte saker**  
**DS 30/2023 Søknad - Reinheimen NP - snødekt mark - helikopter - riving av naust - uttransport av båt - Langvatnet - Langfjellet hyttelag 2023/3689**  
**DS 31/2023 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2023 - 2025 - utkøyring av saltstein til Grønbågen i Grøndalen - Lesjaskog Beitelag v/Karl Øygarden 2023/3681**  
**DS 32/2023 Muldalslia NR - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - helikopter - transport av grus - Muldalsvegen - Muldalsbakkane Veglag 2023/3626**  
**DS 33/2023 Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - reparasjon av tak på Leirungsbu - Jon Arild Jøingsli 2023/3260**  
**DS 34/2023 Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - helikopter - Tafjordsætra - Britt-Ingunn Tafjord Walle 2023/3622**  
**DS 35/2023 Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - transport av ved - Vakkerstøylen - DNT Sunnmøre 2023/3838**



Arkivsaksnummer: 2022/6320-9

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 27.04.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	27/2023	05.05.2023

## Reinheimen NP - dispensasjon - Gjeterbu ved Krokuttjønne i Lordalen - Lordalen Beitelag SA

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen Nasjonalpark § 3. punkt 1.3. c), får Lordalen Beitelag SA avslag på søknad om å sette opp ei gjeterbu ved Krokuttjønne i Reinheimen Nasjonalpark.

Gjeterbua er tenkt plassert i eit viktig trekk-, kalvings- og beiteområde for villrein og vil være i strid mot verneformålet.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad frå Lordalen beitelag SA ved Ola Hareland på e-post 20.03.2023
- Melding om vedtak frå Lesja Fjellstyre 267.06.2022
- Uttale frå Reinheimen-Breheimen villreinutval 27.09.2023
- Uttale frå Innlandet Fylkeskommune 20.10.2023
- Uttale frå Reinheimen-Breheimen villreinnemd. (Vedtak 21.11.2022, sak nr. 21)
- Vedtak om oppføring av 2 gjeterbuer i Lordalen utv. saksnr: 34/12 22.05.2012
- Klage på vedtak om oppføring av 2 gjeterbuer frå FM i Oppland 22.06.2012
- Klagebehandling frå Miljødirektoratet, oppføring av 2 gjeterbuer, 03.12.2013
- Vegetasjon og beite i Lordalen NIBIO rapport 8. Nr 72. 2022  
[NIBIO RAPPORT 2022 8 72 \(5\).pdf](#)
- Kart, tap frå rovdyr. Rovbase.no

## Saksopplysningar

Lesja fjellstyre satte Nasjonalparkforvaltninga på kopi på ein e-post sendt 14.juni 2022 der dei ber statskog og Lesja kommune om uttale på søknad dei har mottatt om å sette opp ei gjetarbu ved Krokuttjønne i Lordalen. Forvaltninga svarar same dag i e-post til fjellstyret, Lesja kommune og Statsskog, der vi minner dei på at ei slik byggesak skal behandlas av Nasjonalparksstyret for Reinheimen og at om det blir ein synfaring ynskjer nasjonalparkforvaltarar i Reinheimen å delta på dette.

Nasjonalparkforvaltninga mottar ingen melding om synfaring og 24.06.2022 er det styremøte i Lesja Fjellstyre der det blir gitt eit slikt vedtak: *Med hjemmel i seterforskriftens § 5 finner Lesja fjellstyre å kunne vise ut tomt til gjetarbu for Lordalen beitelag. Endelig plassering og vilkår vedtas i egen sak etter befaring og plassering av bua er bestemt. Det tas forbehold om at tiltaket godkjennes av vernemyndigheten og Lesja kommune.*

08.07.2022 får forvaltninga brev frå Lesja kommune der dei ber om at søknaden dei har mottatt frå Lordalen beitelag blir behandla etter verneforskrifta. I brevet står det og at *Lesja kommune er på generelt grunnlag positivt innstilt og ser behovet for en gjetarbu i dette området dersom det godkjennes av vernemyndigheten.*

Lesja kommune sender også søknaden på høyring til Innlandet Fylkeskommune, Statsforvalteren i Innlandet, Villreinnemda for Reinheimen-Breheimen og Reinheimen-Breheimen villreinutvalg.

Innlandet Fylkeskommune kom med ei positiv uttale til gjetarbu, mens Reinheimen-Breheimen villreinutval hadde ein negativ uttale til gjetarbu. Villreinnemda for Reinheimen-Breheimen tok opp søknaden i møte 21.11.2022 og fatta slik vedtak:

*Det bør ikkje bli gjeve løyve til bygging av gjetarbu i dette området sidan det er eit veldig viktig funksjonsområde for villrein. Dersom gjetarbua likevel blir bygd må det vera klare restriksjonar på bruken av bua. Den skal berre bli brukt i samband med gjeting / tilsyn av husdyr og må vera stengt dei delane av året da det ikkje er husdyr på beite i dette området. Tilsvarende om behovet for gjeting i området fell burt bør bua bli fjerna. Dersom det blir gjeve løyve til bygging av gjetarbu bør det bli gjennomført synfaring av aktuelt område før endelig plassering av bua med omsyn til villrein.*

Forvalter tok kontakt med søkjar, Ola Hareland, 09.11.2022 og ba om fullstendig søknad med teikningar av gjetarbua. Forvaltar sendte ny påminning på e-post 23.01.2023 og søknad med teikningar vart mottatt 20.03.2023.

Til opplysning foretok forvalter ein synfaring ved Krokuttjønne under reinsjakta 2022.



Bilete frå sørsida av Krokuttjønne, i det området hytta er ynskja satt opp.(Bilete Mari Melbø Rødstøl).

## Søknaden:

Lordalen Beitelag SA  
v/Ola Hareland  
Romsdalsvegen 2194  
2666 Lora

Nasjonalparkforvalter Mari Melbø Rødstøl  
Norsk tindesenter  
Havnegata 2  
6300 Åndalsnes

Lora den 31.05.2022

### **SØKNAD OM OPPFØRING AV GJETAR I VFD KROKUTTJØNNE I LØRDALEN.**

Lordalen Beitelag søker om tillatelse til oppføring av ei gjetarbu ved Krokuttjønnne i Lordalen statsalmenning.

Sankelagets beiteområde dekker om lag 150 kvadratkilometer. Det ble i 2021 sluppet 3137 sau/lam på beite og i tillegg 495 storfe. Beitelaget har 25 medlemmer. Innenfor beite området er det store tap på småfe som er allment kjent og dokumentert gjennom en lang rekke år.

Beitelaget har som mål å ha et godt tilsynsarbeid i beiteområdet. I første rekke for å forebygge og begrense tap, men også for å kunne dokumentere inntrådte tap. Medlemmene yter årlig en samlet, stor innsats med tilsyn, sanking og ettersanking. I mange år har det i tillegg vært leid inn lønnet tilsyn som regelmessig går avtalte ruter i fjellet. Noen av disse har disponert hunder som er spesielt trent for å finne kadaver. Hensiktsmessig plasserte gjeterbuer er en forutsetning for økt og bedre tilsynsarbeid for å sikre dyrevelferden.

Beitelaget disponerer to buer på sørsida av Lordalen (Trihørbue og Nørdre Bergebue) samt ei bu på nordsida av dalføret (Skråkkbua) helt i øst. Disse tre buene har vi svært god erfaring med. Avstandene er imidlertid store og det har lenge vært savnet ei bu på nordsida av Lordalen i området Søre Løyftet-Gjelutbotn. Vi mener at ei bu ved Krokuttjønnne er nødvendig for et økt og bedre tilsynsarbeid i den nordvestlige delen av beiteområdet hvor det ikke finnes mulighet for å komme under tak inne i fjellet slik det er nå.

Ved overnatting i beiteområdet kan det føres tilsyn over lengre perioder enn det som er mulig ved anmarsj fra og til bygda samme dag. Vi vil også framheve at dette letter arbeidet både gjennom beitesesongen og ved sanking, da en kan starte dagen inne på fjellet fra morgenen og dermed kunne dekke større områder enn det som ellers er mulig. Både dyre-eiere og innleid tilsyn må kunne ha et sted å ta inn for å hvile og søke tilflukt i dårlig vær. Gjeterbuer har et viktig sikkerhetsaspekt i tilsynsarbeidet i et slikt høgfjellsområde. Alle med kjennskap til dette fjellsområdet vet at avstandene er store og været kan fort skifte.

I forarbeidene ved opprettelse av Reinheimen ble det lagt til grunn at nasjonalparken ikke skulle legge hindringer i vegen for oppføring av gjeterbuer der behovet var godt dokumentert og nødvendige tillatelser ble gitt av grunneier og av kommunen. Verneforskriften §3 pkt 1.3 bokstav c), åpner for at forvaltningsmyndigheten kan gi tillatelse til oppføring av nødvendige bygninger i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn. Det vises ellers til grundige saksutredninger ved søknader i 2003 og i 2012 og vilkår som ble lagt til grunn. I 2012 ble det spesielt pekt på at tilsynsbuene ikke medfører noen betydelig reduksjon i villmarkspreget i området verken etter definisjonen i INON (inngrepsfrie



naturområder i Norge) eller hvordan folk oppfatter området. Miljødirektoratet trakk i 2013 fram hensynet til villreinen og området ble vurdert som mest sårbart for økt ferdsel og aktivitet i kalvingsperioden. Det ble derfor lagt til grunn at buene ikke skulle brukes i perioden 15. april – 15.juni. Miljødirektoratet stadfestet den 03.12.2013 vedtak i Lesja kommune av 09.10.2012 som et endelig vedtak på tillatelse gitt ved forrige søknad.

Beitelaget har vurdert plassering av ei bu i søre enden av Krokuttjønn (ca 1550 moh) som hensiktsmessig, se vedlagt kart. Beitelaget er åpen for å justere plasseringen dersom det er tungtveiende grunner for det. Ved plassering av bua er det viktig å ta hensyn til god oversikt i området, tilgang til vatn, tørr byggegrunn og snøforhold om vinteren.


Det er vedlagt grove tegninger og bilder av bua. I tillegg må det av nødvendighet settes opp uthus/utedo på ca 2m<sup>2</sup>. Størrelse, utforming og tegninger vil vi komme tilbake til så snart de generelle forholdene er avklart.

Vi ber derfor om at Nasjonalparkforvalteren i denne omgang behandler søknaden på generelt grunnlag. Lesja kommune og Lesja fjellstyre har behandlet saken og er positive til en slik gjeterbu i dette området

Vennlig hilsen

Ola Hareland  
Leder i Lordalen Beitelag SA

Veggtykkelse 7 ~~cm~~ cm  
ut-stikk nou 10 cm  
Alle mål utvendig



+ Uteald  
~~skate~~ 1x2m





## Uttaler til søknaden:

### Merknader til - oppføring av gjeterbu Krokuttjønne i Lordalen - Reinheimen nasjonalpark - Lesja kommune Frå Innlandet Fylkeskommune

Vi viser til oversendelse fra Lesja kommune datert 08.07.22. Saken gjelder søknad fra Lordalen beitelag om tillatelse til å oppføre en gjeterbu på 20 m<sup>2</sup> og uthus på 2 m<sup>2</sup>. Omsøkt plassering er ved Krokuttjønne i Reinheimen nasjonalpark og krever derfor behandling etter verneforskriften.

#### Fylkeskommunens merknader

Fylkeskommunens merknader er begrunnet ut fra vårt helhetlige ansvar som omfatter både nasjonale og regionale mål og hensyn på områder som kulturarv, samferdsel i tillegg til ulike planfaglige tema som samordnet bolig, areal- og transportplanlegging (SBATP), vannmiljø, friluftsliv, vilt, villrein, ferskvannsfisk, barn og unges interesser, universell utforming og stedsutvikling.

#### Villrein og viltforvaltning

Villreinen har de siste årene i større grad benyttet seg av områder nord for Lordalen. Krokuttjønne ligger i nærheten av en trekkpassasje som er viktig for tilgang til områder nordvest i Reinheimen. I tillegg er det innenfor kalvings- og oppvekstområde.

#### Felles retningslinjer for regional plan for Ottadalsområdet:

Tiltak skal vurderes konkret opp mot villreinen sin områdebruk til ulike deler av året. Særlig viktig er vurdering av tiltak som kan påvirke kalvingsområder (i mai måned og første halvdel av juni), vinterbeiteområde og trekkveier.

#### Retningslinjer for nasjonalt villreinområde:

Muligheter for bygg i utmarksnæring innenfor landbruksbegrepet i PBL.

Fig. Kalvings- og oppvekstområde område i rosa, trekkpassasjer i blått.

Dersom gjeterbua ikke brukes før 15. juni og kun benyttes til beitetilsyn, vil den mest sannsynlig ikke ha vesentlig påvirkning på villreinen.

Fylkeskommunens vurdering etter forskrift om verneplan for Reinheimen, vedlegg 7. Vern av Lordalen landskapsvernområde, Lesja kommune, Oppland.

I henhold til forskriftens verneregler §3 punkt 1.1 er området er verna mot inngrep som vesentlig kan endre eller virke inn på landskapet sin art eller karakter. Det vil si at området generelt er vernet mot alle inngrep, som for eksempel oppføring, påbygging og ombygging av bygninger med mer. Lista er lang, men punkt 1.2 og 1.3 under §3 i samme forskrift sier noe om hva som er unntatt forbud og hva forvaltningsstyresmakten kan gi tillatelse til. Punkt 1.3 bokstav b gir forvaltningsstyresmakten mulighet til å tillate oppføring av nødvendige bygninger til jordbruks- og seterformål.

Dersom realisering av tiltaket krever transport av materialer må dette også søkes om jf. §3 punkt 5.1 «forbud mot motorferdsel» og punkt 5.3 bokstav b: «Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til: (...) b. Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.»

Nasjonalparkstyret er forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark med blant andre Lordalen landskapsvernområde, de er forvaltningsmyndighet for perioden 2019-2023

oppnevnt av miljødirektoratet i brev av 03.03.20. Fylkeskommunens vurdering etter verneforskriften uttrykker vårt synspunkt til saken, men ikke som forvaltningsstyresmakt.

Samlet vurdering Etter en samlet vurdering vil vi ikke gå mot at gjeterbua kan tillates oppført, gjeterbua bør ikke brukes før 15. juni og skal kun brukes til beitetilsyn. For å gjøre inngrepet i landskapsvernområdet så skånsomt som mulig bør estetiske hensyn ligge til grunn for oppføringen. Med dette mener vi at det skal brukes mørke/dempede farger og at taket blir lagt med torvtak eller skifer, bua bør plasseres slik at hytta ligger pent plassert og skjermet i landskapet.

Med vennlig hilsen Kristin Ryen Reithaug seksjonssjef Nils Håvard Dyrendal Høgset plankoordinator

## villreinutval

Lesja kommune  
v/sakshandsamar Sigbjørn Skogset

**Uttale i høve oppsetjing av gjetarbu ved Krokuttjøynne i Lordalen**

Det blir vist til utsendte dokument frå Lesja kommune i høve søknad om gjetarbu ved Krokuttjøynne i Lordalen. Reinheimen-Breheimen villreinutval vil med dette koma med uttale til saka.

Formålet til Reinheimen-Breheimen villreinområde, nedfelt i § 2 i vedtektene, er «å skape grunnlag for enhetlig forvaltning av en sunn og levedyktig villreinbestand innen Reinheimen-Breheimen villreinområde, og å bevare villreinstammes leveområder». Vidare i § 4 står det at villreinutvalet blant anna skal jobbe for at «reinens leveområde blir minst mulig påvirket av menneskelig aktivitet og tekniske inngrep». Krokuttjøynne med nærliggjande område ligg midt inne i leveområdet til villreinstamma i Reinheimen. I kartleggingsarbeidet av områdebruket til villreinen i vårt område, som vart gjort i samband med kvalitetsnorm for villrein som vart publisert våren 2022, vart det aktuelle området karakterisert som kalvings- og oppvekstområde, sommar- og haustbeite og vinterbeite. Villreinen brukar dette området heile året, men areal rundt Lordalen og nord for Lordalen er viktige som kalvings- og oppvekstområde. Seinast 24. juni i år vart det funne mykje dyr i området Krokuttjøynne/Digervarden/Grøndalen, då villreinutvalet hadde si årlege kalvetelling i lag med NINA.

Det går også ei viktig trekkpassasje over Lordalen ved søre Løyfte/søre Berget og representerar ein viktig forbindelse mellom nord og sør for Lordalen, og mellom området nord for Lordalen og resten av villreinområdet i sør. Dette trekket går frå/til frodige sommarbeiter i nord-vest, og til/frå vinterbeita i sør og aust. Dersom denne trekkpassasjen blir mindre brukt pga. auka menneskeleg aktivitet, kan det påverke villreinens arealbruk i heile Reinheimen, og villreinen vil få vesentleg redusert tilgang til områda som ligg i nordvest. Ei slik endring i arealbruk vil få store negative konsekvensar for villreinen. Slik situasjonen er i dag er trekkpassasjen tilstrekkeleg for villreinen, men det er viktig at den blir verande intakt også for framtida. Det er såleis viktig å følge med på eventuell utvikling av menneskeleg ferdsel/infrastruktur i området. Dalsidene i Lordalen er blant dei meir frodige beiteområda for villreinen i Reinheimen, og i år med tørre somrar er det spesielt viktig at villreinen har tilgang til desse beiteområda. På vårparten blir det ofte observert dyr i dalskråninga på begge sider av Lora, og det blir vanlegvis tidlegare snøfritt i desse områda. Området er lite utbygd, og framleis er det lite aktivitet og ferdsel i området. Dette er også ynskjeleg situasjon i framtida.

**villreinutval**

Dersom gjetarbua blir ein realitet meiner villreinutvalet at bruken og aktiviteten i området må avgrensast, særleg gjeld dette vinter/vår, gjennom kalvingsperioda og fyrste del av leveperioda for kalvane. Eit aktuelt tiltak er eksempelvis å stengje bua for bruk i perioden 1. mars til ut juni. Bruk av gjetarbua er vel også mest aktuell frå rundt 1. juli til ut oktober. For evt. transport til bua i samband med bygging og seinare vedlikehald, bør dette gjerast på sumar/haust og haldast på eit minimum. Det bør også vurderast å setja vilkår for kva som skal skje dersom behovet for gjetarbu fell burt.

**Konklusjon**

Frå villreinutvalet si side er det ikkje ynskjeleg med tilrettelegging av meir aktivitet og infrastruktur i dette området med bakgrunn i det som er nemnt over. Spesielt er området eit viktig kalvings- og oppvekstområde for villrein, og det går eit heilt sentralt trekk over Lordalen vest for Nysætri. Med auka ferdsel i området vil det kunne føre til at reinen bruker området i mindre grad, noko som er svært uheldig for reinen og heile villreinområdet på lenger sikt. Dersom gjetarbua blir ein realitet bør det leggjast føringar for tidspunkt for bruk gjennom året, samt å redusere transport til bygging/vedlikehald til eit minimum og kva som evt. skal skje med bua dersom behovet fell burt.

Bismo, 27. september 2022

For  
Jo Trygve Lyngved  
Sekretær

Villreinutval

## **Vedtak i Villreinnemnda for Reinheimen – Breheimen 21.11.2022, sak nr. 21**

*Søknad om oppføring av gjetarbu ved Krokuttjønne i Lordalen, Lesja*

*Villreinnemnda har fått ei sak om oppføring av gjetarbu på høyring frå Lesja kommune og frå nasjonalparkstyret for Reinheimen. Det er Lordalen Beitelag som søker om løyve til oppføring av ei gjetarbu ved Krokuttjønne (ca 1550 moh) i Lordalen statsalmenning.*

*Beitelaget skriv i søknaden at dei dekker om lag 150 km<sup>2</sup> og i 2021 vart det slept 3137 sau/lam på beite og i tillegg 495 storfe. Beitelaget har 25 medlemmar. Beitelaget disponerer to buer på sørsida av Lordalen (Trihøbue og Nørdre Bergbebue) samt ei bu på nordsida av dalføret (Skråkkbua) heilt i øst. Dei saknar ei bu på nordsida av Lordalen i området Søre Løyftet-Gjelutbotn. Dei meiner at ei bu ved Krokuttjønne er naudsynt for betre tilsynsarbeid i den nordvestlege delen av beiteområdet (sjå meir i vedlagte søknad).*

*Krokuttjønne ligg midt inne i leveområdet til villreinstamma i Reinheimen. I samband med kvalitetsnorm for villrein vart dette området karakterisert som kalvings og oppvekstområde, sommar- og haustbeite og vinterbeite. Villreinen brukar dette området heile året, men areal rundt Lordalen og nord for Lordalen er særleg viktige som kalvings- og oppvekstområde. Seinast 24. juni i år vart det funne mykje dyr i området Krokuttjønne / Digervarden/Grøndalen, da villreinutvalet hadde si årlege kalvetelling i lag med NINA.*

*Det går ei viktig trekkpassasje gjennom Lordalen. Den er avgjerande for trekk som går mellom frodige sommarbeiter i nord/vest og vinterbeiter i sør/aust. Dersom denne trekkpassasjen blir mindre brukt p.g.a. auka menneskeleg aktivitet, kan det påverke villreinen sin arealbruk i heile Reinheimen, og villreinen vil få vesentleg redusert tilgang til områda som ligg i nordvest. Det vil ha store negative konsekvensar for villrein. Slik situasjonen er i dag er trekkpassasjen tilstrekkeleg for villreinen, men det er viktig at den blir verande intakt også for framtida.*

*Dalsidene i Lordalen er blant dei meir frodige beiteområda for villreinen i Reinheimen og i år med tørre somrar er det spesielt viktig at villreinen har tilgang til desse beiteområda. På vårparten blir det ofte observert dyr i dalskråningane på båe sider av Lora, og det blir vanlegvis tidlegare snøfritt i desse områda. Området er lite utbygd, og framleis er det lite aktivitet og ferdsel i området. Dette er også ein ynskjeleg situasjon i framtida. Normalt er det bruken av bygg og installasjonar som har størst effekt på villrein, ikkje sjølv installasjonen. Hytter og buer vil ofte trekke folk til seg og det blir eit område med meir menneskeluft og meir aktivitet noko som i sin tur påverkar villrein. I eit så viktig villreinområde som ein har her bør ein vera forsiktig med å etablere nye installasjonar. Kvaliteten til villreinstamma i vårt område er også vurdert i samband med kvalitetsnormen for villrein. Kvaliteten ble vurdert til middels. På sikt er det eit mål at dei nasjonale villreinområda skal ha god kvalitet. Da må ein legge til rette for villrein i staden for å gjennomføre tiltak som kan ha negative konsekvensar. Dersom gjetarbua likevel blir bygd må det vera klare restriksjonar på bruken av bua. Den skal berre bli brukt i samband med gjeting / tilsyn av husdyr og må vera stengt dei delane av året da det ikkje er husdyr på beite i dette området. Tilsvarande om behovet for gjeting i området fell burt bør bua bli fjerna.*

**Vedtak:** *Det bør ikkje bli gjeve løyve til bygging av gjetarbu i dette området sidan det er eit veldig viktig funksjonsområde for villrein. Dersom gjetarbua likevel blir bygd må det vera klare restriksjonar på bruken av bua. Den skal berre bli brukt i samband med gjeting / tilsyn av husdyr og må vera stengt dei delane av året da det ikkje er husdyr på beite i dette området. Tilsvarande om behovet for gjeting i området fell burt bør bua bli fjerna. Dersom det blir gjeve løyve til bygging av gjetarbu bør det bli gjennomført synfaring av aktuelt område før endeleg plassering av bua med omsyn til villrein.*

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

### Verneformål – forskrift

«Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne.

*Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

#### §3, Vernereglar 1.1

*Området er verna mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmmande.*

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

c) oppføring av nødvendige bygningar i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn.

### Forvaltningsplan

*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til oppføring av fellesbuer ved særleg behov i område med organisert beitebruk i regi av beitelag. Storleik og Reinheimen nasjonalpark 39 utforming skal vere tilpassa og avgrensa til det behovet som er knytt til beitebruken. Fellesbuer til beitebruk og tilsyn skal ikkje overstige eit samla areal 40 m<sup>2</sup> (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus.*

### Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

### Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Lordalen beitalag SA har søkt om å sette opp ei gjeterbu ved Krokuttjønne for å betre tilsynsarbeidet i Lordalen. Dei har frå før av tre gjeterbuer i området (Trihøbue, Nørdre Bergebue og Skråkkbua).

Verneforskriften § 3 pkt. 1.3 bokstav c), opnar for at forvaltningsmyndigheita kan gje løyve til oppføring av nødvendige bygningar i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn. Det må foretas ein konkret vurdering om aktuelle søknad gjer grunnlag for å gje dispensasjon.

I den kongelige resolusjonen for verneplanen for Reinheimen nasjonalpark står det at «*det er et mål å holde antall bygninger i nasjonalparken så lavt som mulig*», og at det er gitt «*adgang til at beitelag kan søke om oppføring av nødvendige bygninger til beitebruk og tilsyn for å imøtekomme behov ved endringer i beitebruken i området og lignende.*» Verneforskrifta opnar kun for gje tillating til «nødvendige bygninger». Det er ein høg terskel for nye bygningar i nasjonalparkane og eit unntak må baserast på ein behovsvurdering, der fordelane med å gje tillatelse må være klart større enn ulempene for verneverdiane.

I ei slik byggesak må ein sjå på tidlegare vedtak i tilsvarande saker. I Reinheimen NP har det vært fleire søknader om beitebuer. To av beitebuene til Lordalen beitalag (Trihøbue og Nørdre Bergebue) vart sett opp etter vernet, etter ein klageavgjering frå Miljødirektoratet i 2012. I si vurdering skriv miljødirektoratet: *Det er en realitet at oppføring av to nye gjeterbuer vil redusere villmarkspreget i nasjonalparken, og at omsøkte plassering er i konflikt med kalvings- og trekkområder for villrein.* Likevel konkluderte direktoratet med at det *vil være lite sannsynlig at etablering av buene vil medføre noen vesentlige hindringer for villreinens trekk og beiting i området*, pga buenes størrelse og avgrensa bruk.


Forvaltar finn konklusjonen til Miljødirektoratet i denne saka som underleg, når plasseringa er i konflikt med kalvings- og trekkområdet for villrein og samstundes *ikkje* medføre vesentlege hindringar for villreinens trekk og beiteområde.

Den styrste utfordringa med tiltaket er i forhold til den nasjonale villreinstammen og vi må i denne saka sjå søknaden i lys av ny kunnskap om villrein.

Generelt har utviklinga for villreinen i Noreg gått i feil retning over lang tid, og i 2021 havna den norske villreinen på rødlista. Over 90 prosent av europeisk fjellrein held til i Noreg, så vi har difor eit spesielt internasjonalt ansvar for akkurat denne arten. Det kan og nemnast den internasjonale naturavtala som Noreg skreiv under på i desember 2022, med mål om å snu den negative trenden for verdas natur og dyreliv.

Ifylgje Artsdatabanken er villreinens leveområde i Noreg under aukande press som fylgje av samfunnets arealbruk og menneskeleg ferdsel i og omkring fjellområda. I 2022 fekk dei ti nasjonale villreinområda vurdert tilstanden sin i kvalitetsnorm for villrein. Det er og vedtatt å lage ei stortingsmelding og tiltaksplanar for dei einskilde nasjonale villreinområda.

I kvalitetsnormen for villrein i Reinheimen-Breheimen vart området klassifisert til gult/middels nivå. Den viser bl.a at kondisjonen til villreinen har gått ned, som igjen gir tydelege signal om at villreinen ikkje har optimale forhold.



Kart som syner villeinens trekkområder (blått), kalvingsområder (rosa), Krokuttjønne og eksisterande gjeterbuer. Øverst til høgre ligg Skråkkbua, Nørdre Bergebu nedst til venstre og Trihøbue nedst til høgre. Har også tegna på Bergebu (blå, midt i kartet) som er ei opa fjellstyrehytte.

## Uttaler

Innlandet Fylkeskommune skriv at *Dersom gjeterbua ikke brukes før 15. juni og kun benyttes til beitetilsyn, vil den mest sannsynlig ikke ha vesentlig påvirkning på villreinen.*

Reinheimen-Breheimen villreinutval og Reinheimen-Breheimen villreinnemd var tilnærma lik i sine uttalar og hevdar det motsette av Fylkeskommunen. Dei meiner at det ikkje bør byggast gjetarbu i dette området, sidan det kan få svært uheldige konsekvensar for villrein.

Villreinnemnda gir ei god begrunning i si sakshandsaming:

*Krokuttjønne ligg midt inne i leveområdet til villreinstamma i Reinheimen. I samband med kvalitetsnorm for villrein vart dette området karakterisert som kalvings og oppvekstområde, sommar- og haustbeite og vinterbeite. Villreinen brukar dette området heile året, men areal rundt Lordalen og nord for Lordalen er særleg viktige som kalvings- og oppvekstområde. Seinast 24. juni i år vart det funne mykje dyr i området Krokuttjønne / Digervarden/Grøndalen, da villreinutvalet hadde si årlege kalvetelling i lag med NINA.*

*Det går ei viktig trekkpassasje gjennom Lordalen. Den er avgjerande for trekk som går mellom frodige sommarbeiter i nord/vest og vinterbeiter i sør/aust. Dersom denne trekkpassasjen blir mindre brukt p.g.a. auka menneskeleg aktivitet, kan det påverke villreinen sin arealbruk i heile Reinheimen, og villreinen vil få vesentleg redusert tilgang til områda som ligg i nordvest. Det vil ha store negative konsekvensar for villrein. Slik situasjonen er i dag er trekkpassasjen tilstrekkeleg for villreinen, men det er viktig at den blir verande intakt også for framtida.*

*Dalsidene i Lordalen er blant dei meir frodige beiteområda for villreinen i Reinheimen og i år med tørre somrar er det spesielt viktig at villreinen har tilgang til desse beiteområda. På vårparten blir det ofte observert dyr i dalskråningane på baae sider av Lora, og det blir vanlegvis tidlegare snøfritt i desse områda. Området er lite utbygd, og framleis er det lite aktivitet og ferdsel i området. Dette er også ein ynskjeleg situasjon i framtida.*



*Normalt er det bruken av bygg og installasjonar som har størst effekt på villrein, ikkje sjølve installasjonen. Hytter og buer vil ofte trekke folk til seg og det blir eit område med meir menneskeluft og meir aktivitet noko som i sin tur påverkar villrein. I eit så viktig villreinområde som ein har her bør ein væra forsiktig med å etablere nye installasjonar. Kvaliteten til villreinstamma i vårt område er også vurdert i samband med kvalitetsnormen for villrein. Kvaliteten ble vurdert til middels. På sikt er det eit mål at dei nasjonale villreinområda skal ha god kvalitet. Da må ein legge til rette for villrein i staden for å gjennomføre tiltak som kan ha negative konsekvensar. (utrag frå protokoll i Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen 21.11.2022 sak nr. 21)*

### **Behovsvurdering:**

Terskelen for oppføring av nye bygningar i nasjonalparken er høg, og det må difor dokumenterast at fordelane ved oppføring av ny gjeterbu er større enn ulempene for verneverdiane. Vi må difor behovsvurdere gjeterbua opp mot ulempene dette medfører, spesielt for villrein.

Beitelaget skriv at gjeterbuene har eit sikkerhetsperspektiv i tilsynsarbeidet i høvfjellsområdet i tillegg til å kunne føre eit betre tilsynsarbeid. Dei har god erfaring med gjeterbuene som allereie er oppført, men saknar ei bu i den nordvestlege delen av beiteområdet. Dei skriv at avstandane er store og av omsyn til sikkerhetsperspektiv og for å ha betre utgangspunkt for å nå eit større område saknar dei ei bu ved Krokuttjønne.

Hovudhensikta med gjeterbuane er å betre tilsynsarbeidet i eit beiteområde som har store tap til rovdyr.

Det vart i 2022 gjennomført ein beiteundersøking i Lordalen utført av NIBIO (Stenbrenden, M., Angeloff, M. & Rekdal, Y. 2022. Vegetasjon og beite i Lordalen. Rapport fra vegetasjonskartlegging i Lesja kommune. Norsk inst. For bioøkonomi, rapport 8(72)2022. Ås).

Da vi har ny kunnskap om beiteforholda til Lordalen har forvalter fått ein kommentar frå kartleggar Magnus Stenbrenden om området rundt Krokuttjønne:

*Viser til din e-post 21/4-2023, vedrørende en faglig vurdering av beiteforholda rundt Krokuttjønne i Reinheimen Nasjonalpark.*

*Området rundt Krokuttjønne er ikke med i det kartlagte området, så det understrekes at disse arealene ikke er befart. På bakgrunn av kjennskap til området for øvrig samt flyfoto, kan vi likevel si noe om de generelle beiteforholda her. Sør for Krokuttjønne er det kartlagt fra hoveddalføret opp til rundt 1 450 moh. Her begynner vegetasjonen å bli så skrinn at vi ikke kan regne med annet enn flekkvise forekomster av nyttbart beite.*


*Vegetasjonstypene som dominerer fra kartleggingsgrensen videre opp mot Krokuttjønne er frostmark og lavhei, samt noe tørrgrashei. Dette er alle typer som hovedsakelig gir **mindre godt beite**, altså beiteareal som regnes for dårlige til å gi tilfredsstillende tilvekst hos dyr på beite. Vegetasjonsløse parti i form av ur og blokkmark dekker også en del areal. Mindre parti med godt beite vil kunne finnes i området, og disse areala vil i hovedsak være knyttet til lesider med snøleivevegetasjon og solvendte lisider med finkorna løsmasser. På motsatt side av dalføret opp mot Trihøene finnes grassnøleier som nyttes av sau til over 1 500 moh.*

**Beitene rundt Krokuttjønne må med gitte forbehold, derfor betegnes som mindre gode.**

*Sauen kan nytte disse høytliggende areala (særlig på godværsdager kan sauen vandre høyt), men hovedvekten av dyr og det meste av næringsopptaket hos dyr på beite vil skje i lavere høydelag.*


Vi understreker at vi ikke har kjennskap til områdebruken utover generelle observasjoner og hva man kan forvente ut ifra vegetasjonstypetfordelinga i området.

Dårleg beiteforhold i dette området kan forklare kvifor det **ikkje** er registrert tap av sau i dette området. I ein oversikt over registrerte tap av sau til jerv og kongeørn i Lesja kommune fra 01.01.2003 til 01.01.2023 kjem det fram at i løpet av dei siste 20 åra, ikkje er registrert nokon tap innanfor og ved Krokuttjønne.



Kart frå rovbasen. Raud pil syner kor Krokuttjønne ligg. Blå firkantar er registrerte tap.

Dei fleste tap skjer nedi dalen eller på sørsida av dalen der det er betre beiteforhold.



Kart som syner alle registrerte tap av sau (alle tapsårsaker) i Lesja kommune fra 01.01.2003 til 01.01.2023. Totalt 1820 saker registrert.

Det kan nemnast at det er ca 1,5 timers gange frå parkeringsplassen/grusuttaket ved Nysetra til Krokuttjønne, så det er mogleg å føre tilsyn i dette området ved behov.

## **Miljørettsprinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12**

Ny kunnskap om villreins sårbarhet mot menneskelege inngrep og ferdsel, kvalitetsnormarbeidet og årlege tellingar og registreringar av villreinens områdebruk tilsier at kunnskapsgrunnlaget (§ 8), er godt nok i dette området, til å vite at ei gjeterbu i dette området vil være til ulempe for villreinen. Den kunnskapen vi har om beiteforhold og kor det er registrert tap av sau til rovdyr, kan indikere at Krokuttjønne ikkje er det beste utgangspunktet for å drive tilsyn. Førre var prinsippet (§9) skal ligge til grunn i verneforvaltninga, men her har vi nok kunnskap som gir føring for vurderinga. Ei vurdering av økosystemtilnærming og samla belastning (§10), talar og for å gje avslag til eit nytt bygg i dette viktige villreinrådet. Det er heimel i verneforskrifta for å kunne gje løyve til å sette opp nødvendige gjeterbuer etter søknad, men det går ei grense for kor mange buer ein kan sette opp i eit viktig villreinområde. Villreinen i Reinheimen har ifylgje kvalitetsnorma fått dårlegare kondisjon som kan skyldes samla belastning. Det er etter vernet satt opp fleire bygg i verneområdet som kan generere meir ferdsel i form av bygging, restaurering og frakt av proviant og brensel og bruk. Alle inngrep i viktige villreinområder er uheldige når situasjonen for villreinen i staden heller skulle blitt forbetra. Kostnader ved miljøforringelse (§ 11), og miljøforsvarlege teknikker og driftsmetode (§12) blir ikkje vurdert her.

## **Konklusjon**

Konsekvensene for naturmangfold kan være større når ein ser samla belastning ulike påvirkningsfaktorar har på naturverdiar, enn når ein vurderer effekten frå berre eit tiltak åleine. I Lordalen har det allereie blitt satt opp to gjeterbuer, som miljøvernavinga hos Fylkesmannen i Oppland meinte var til skade for villrein. Buene vart satt opp då klaga frå Fylkesmannen ikkje vart hensynstatt hos Miljødirektoratet. Det går ei grense for kor mange buer som kan bli satt opp i nasjonalparken i viktige villreinområder. Det er i dag god kunnskap om at det er menneskelege inngrep og ferdsel som er til hinder for arten som vi har eit internasjonalt ansvar å ta vare på.

Gjeterbua er tenkt plassert i eit område som er eit viktig kalvings og oppvekstområde, sommar- og haustbeite og vinterbeite for villrein. Ei gjeterbu vil kunne generere meir trafikk inn i området (sjølv om ein set begrensing om når den kan brukes), noko som er svært uheldig for villrein. I staden for å sette opp fleire bygg i villreinområdet, må vi heller sjå på kva for tiltak som kan forbetre forholda for villrein i Reinheimen. Forvaltninga har forståing for at det er til hjelp å nytte fjellbuer i det viktige arbeidet med å føre tilsyn i beitesesongen. Samstundes vil vi ut i frå beiteforhold og registrerte tap til rovdyr ikkje finne godt nok dokumenterte behov for ei bu i dette området.

Ei samla vurdering ut ifrå ny kunnskap, uttaler og behovsvurdering, kjem vi fram til at ulepane for verneverdiane med å gje tillatelse, er klart større enn fordelane dette tiltaket gir. Tiltaket vil være til ulempe for verneverdiane og stri mot verneformålet.



Arkivsaksnummer: 2023/3305-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 28.04.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	28/2023	05.05.2023

## Høyring - revidering av handlingsprogram - regional plan for Ottadalsområdet

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen viser til merknader og kommentarar under vurderingar, og støttar forvaltar sine kommentarar til HANDLINGSPROGRAM 2023-2026, med følgjande oppsummering til punkta som er kommentert:

#### 1. Om handlingsprogrammet

Tiltak i handlingsprogrammet som rører ved etablerte forvaltningsordningar, som t.d nasjonalparkforvaltninga, må tydeleggjerast slik at ansvar og samarbeidspartar for gjennomføring av ulike tiltak kjem tydeleg fram i handlingsprogram og tiltaksplan.

#### 2. Organisering, møteplassar og samordning

Forslaget om å etablere eit Ottadalsråd bør vurderast nærare, da det synest lite hensiktsmessig på grunn av dagens forvaltningsordning i området. Reinheimen og Breheimen nasjonalparker, samt deler av Jostedalsbreen nasjonalpark og Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, ligg innafor villreinområdet, og har en fungerande forvaltningsordning med nasjonalpark- og verneområdestyrer som forvaltar verneområda i tråd med nasjonale mål og internasjonale plikter. Nasjonalparkstyra er samansett av ein sentral politikar frå kvar kommune med areal i verneområda, og ein politisk representant frå kvart fylkesting i området. I tillegg er Reinheimen-Breheimen villreinutval og Skjåk Almenning representert i styra. Det er heller ikkje relevant å samamlikne seg med Hardangervidda-området som har ein anna forvaltningsmodell for nasjonalparken. Ved å byggje opp ein ny organisasjon knytt til regional plan for Ottadalsområdet vil ein kunne skape en ytterlegare fragmentering i forvaltninga, og forslaget synest unødvendig fir Ottadalsområdet.

Eit årleg ope fagseminar for erfaringsutveksling, oppfølging av regional plan i samarbeid med dei nemnde etablerte partane som kommunar, statsforvaltaren, nasjonalparkstyra og andre relevante fagmiljø knytt til utmark og villrein, er positivt og bør prioriterast høgt.

Det er viktig at administrativ faggruppe som ble etablert i samband med utarbeiding av Ottadalsplanen i 2021, blir vidareført, som ei formell og forpliktande faggruppe, for fagleg erfaringsutveksling og samordning mellom ulike ei forvaltningsnivå.

#### 3. Ferdsl og kanalisering

Den regionale planen vil vera eit godt utgangspunkt for å kunne ha ei felles tilnærming til turstigar og løypar, ulike ferdselsformer, til motorferdsel og bandtvang både utanfor og innafor vernegrensane. Stig- og løypeplanar kan være avklare eventuelle interessekonflikter i området.

For å følgje opp ferdsel og kanalisering må den administrative faggruppa være sentrale som ansvarleg arbeidsgruppe, og nasjonalparkforvaltninga må være representert i arbeidsgruppa med ansvar for stig- og løypeplanar innafor Ottadalsområdet.

#### 4. Informasjon, formidling og kommunikasjon

Nasjonalparkstyret støtter at arbeidet bør resultere i konkrete tiltak og ressursbehov knytt til informasjon, formidling og kommunikasjon for planområdet samla sett, der hovudformålet er å betre villreinens levevilkår. Reinheimen og Breheimen er begge store nasjonalparker, med store urørte område der det er lite besøk. Det er lagt opp til å kanalisere og styre besøkande til innfallsportar som tolar besøk utan å vera i konflikt med villrein, og til randsoner utanfor vernegrensene med infrastruktur som er robuste for å ta imot besøkande. Det er ei stor utfordring og sjølvmotsigande å ønskje *velkomen inn* til verneområde der ein ikkje vil ha meir besøk, men samtidig er det viktig å gje relevant og god informasjon om verneverdiar og villreinen i området. Dette krev også god kunnskap og fagleg innsikt i kommunikasjonsfaget, ikkje minst fordi publisering gjennom sosiale media er blitt ein naturleg del av aktiviteten til dei som besøker og bruker i områda.

Kommunikasjonsarbeid er komplekst og har i aukande grad blitt ein type driftsoppgåve som det er problematisk å dekke innafor dagens budsjetttrammer til nasjonalparkstyret, som er hovudansvarleg for informasjonstiltak i området. Informasjonsarbeidet er også fragmentert, spreidd på ulike aktørar, både formelle og uformelle, private, autoriserte og offentlege. Ein stillingsressurs med profesjonalitet på informasjons- og kommunikasjonsarbeid, kan;

- Bidra til at forvaltninga står fram meir samla og koordinert på tvers av vernegrenser.
- Få fram samarbeid med aktørar som driv aktivitetar i fleire verneområde.
- Bidra til differensiert forvaltning mellom ulike verneområde og i tid og rom, t.d. felles stilling for Reinheimen, Breheimen og Jotunheimen for å styre ferdsla mot robuste område som toler besøk, og skjerme sårbare område av omsyn til villrein.
- Kommunikasjon og informasjonsarbeid er eit eige strategisk fag, og ein informasjonsmedarbeidar kan bidra til å skape betre dialog mellom forvaltning og næringsaktørar knytt til verneområda, som også kan auke aksept for vernet.

Det er urealistisk å få ressursar til informasjonsmedarbeidarar knytt til kvart nasjonalparkstyre, så samarbeidsmodellar som involverer fleire vil vera ei meir realistisk tilnærming.

Nasjonalparkstyra meiner at samarbeid mellom dei 3 verneområda Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen synest mest kostnadseffektiv, og kan også gje synergjar i form av meir samarbeid på tvers av vernegrenser. Dei 3 verneområda er relativt ulike i forhold til kor stort besøkstrykk dei enkelte områda kan tole. Av den grunn vil det også vera nyttig å sjå fleire verneområde i samanheng. Gjennom eit samarbeid om kommunikasjonsoppgåvar kan ein i større grad prøve å styre ferdsla mot robuste område som toler besøk, og skjerme sårbare område som t.d. vinterbeite og kalvingsområde for villrein. Nasjonalparkstyra for Reinheimen, Breheimen og Jotunheimen gjekk derfor saman med det autoriserte besøksenteret, Norsk fjellsenter, om å søke midler til ei informasjonsstilling for 2023. Det vart ikkje tildelt midler til ei slik stilling i 2023, da det ikkje er midler på statsbudsjettet.

Dei 3 nemnde verneområda er relativt ulike i forhold til kor stort besøkstrykk dei enkelte områda kan tole. Av den grunn vil det også vera nyttig å sjå dei tre verneområde i samanheng. Ei felles stilling i Ottadalsområdet som kan jobbe med konkrete kommunikasjonsoppgåvar for nasjonalparkane i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vil vera eit konkret tiltak i handlingsprogrammet som kan bidra til å auke kunnskap ut til lokalbefolkning og besøkande, for å styre ferdsla mot robuste område som toler besøk, og skjerme sårbare område for å betre forholda for villrein. Nasjonalparkstyret for Reinheimen vil foreslå at det gjennom handlingsprogrammet blir lagt inn midler i eit spleiselag for å finansiere ei 100% informasjonsstilling som skal arbeide med kommunikasjonsoppgåver for verneområda Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen og Norsk fjellsenter.

Det er også positivt at det blir oppretta ei arbeidsgruppe for informasjon, som har ansvar for kommunikasjonsarbeid innafor planområdet. Det autoriserte besøksenteret for nasjonalparkane i villreinområdet bør ha ein plass i arbeidsgruppa på lik line med dei andre nemnde aktørane. I tillegg må den evt. ny stillinga plasserast i ei informasjonsgruppe.

#### 7. Fokusområde

I den vedlagte tabellen over fokusområda er det lista opp utfordringar og forslag til tiltak, men tiltaka er ikkje konkretisert, og heller ikkje kven som har ansvar for oppfølging, eller er aktuelle samarbeidsaktørar. Avklaring av ansvar er viktig for å sikre oppfølging av tiltaka i handlingsprogrammet.

I den regionale planen er det vist til 6 fokusområder, og nasjonalparkstyret vil tilrå at desse blir løfta fram i tiltaksplanen, prioritert med konkrete tiltak og ansvarleggjort med økonomi og framdriftsplan. Nasjonalparkstyret vil også peike på at alle fokusområda enten ligg innafor Reinheimen eller Breheimen nasjonalpak inkludert tilhøyrande landskapsvernområde, som betyr at konkrete tiltak vil kunne røre ved verneregiane for områda.

Forslag til tiltak må tydeleggjerast, konkretiserast og prioriterast, slik at dei som ikkje er relevante blir fjerna frå tiltakslista. I tillegg er det nødvendig med ein gjennomgang av kven som har ansvar og formell myndigheit i området i dag, og gjere ei avklaring på kva t.d. nasjonalparkforvaltninga i områda handterer gjennom verneforskrifter/forvaltningsplanar, og kva kommunen, fjellstyra og villreinutval/-nemnd handterer gjennom planar, lovar og regler. I tillegg kan det også være hensiktsmessig å ta med relevante samarbeidsprosjekt og prosesser som skjer parallelt i planperioda, som t.d. revisjon av forvaltningsplaner, besøksstrategier osv. Viser også til merknader i lista over fokusområda, i tabellen under vurderingar i saka.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Høyringsbrev, Innlandet Fk 07.03.23 - [Høyringsbrev](#)
- Handlingsprogram 2023-2023 – høyringsutkast: [HØYRINGSUTKAST](#)
- Fokusområda i Ottadalsplanen – [liste til høyring](#)
- Regionalplan for Ottadalsområdet (2016-2026) - [Regional plan 2016-2026](#)
- Alle plandokumenta er tilgjengeleg på Innlandet fylkeskommune si nettside: [Høyring: revidering av handlingsprogram for regional plan for Ottadalsområdet - Innlandet fylkeskommune](#)

## Saksopplysningar

Fylkesutvala i Møre- og Romsdal, Vestland og Innlandet fylkeskommunar har alle vedteke å sende utkast til revidert handlingsprogram for regional plan for Ottadalsområdet på høyring i perioden 10. mars–10. mai 2023. Innlandet fylkeskommune har 07.03.23 sendt høyringsbrev, etterfulgt av 2 digitale høyringsseminar 28.mars og 31.mars, der forvaltarane i Reinheimen deltok 28.mars.

I høyringsbrevet står det at det er eit særleg ønske å få innspel på korleis handlingsprogrammet og tiltak i fokusområda kan bli konkretisert og realisert. Det er ikkje teke stilling til oppstarten eller lengda av tiltaka, og dei er heller ikkje prioriterte.

Det er også lagt opp til å invitere til eit fysisk arbeidsverksted 23. og 24.mai 2023 for å diskutere høyringsinnspillene som har kommet inn.

I høyringsbrevet står følgjande:

*«Regional plan for Ottadalsområdet vart utarbeidd etter ei bestilling frå Miljøverndepartementet i april 2007, om å lage regionale planar for dei nasjonale villreinområda. Føremålet var å leggje til rette for ei langsiktig og heilskapleg forvaltning av fjellområda som er særskild viktige for villreinen si framtid i Noreg. Planen skulle fastsette ei langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern for desse fjellområda inkludert influensområda. Planen er ikkje ein verneplan, men har som mål å ta omsyn både til framtida for villreinen og samfunnsutviklinga i planområdet. Regional plan vart vedteke av fylkestinget i 2016 etter ein lang og brei prosess.*

*I 2021 starta arbeidet med å revidere handlingsprogrammet. I samsvar med plan- og bygningsloven §8.1 skal det utarbeidast eit handlingsprogram for gjennomføring av den regionale planen, og behovet for rullering skal vurderast årleg. Det opphavelige handlingsprogrammet som var utarbeidd tok i hovudsak for seg dei store trekka om bruk og organisering av regionalplanen. I den regionale planen står det at målet med den første rulleringa er at det vert teke tak i konkrete tiltak som kan leiast ut frå dette første handlingsprogrammet, og at ein da går inn på detaljar og konkrete tiltak.»*

## **Vedtak, Oppland FK, 10.12.19, i henhold til handlingsprogram for Regional plan for Ottadalsområdet.**

I samband med høyringsmøte om besøksstrategien for Reinheimen i Valldal 23.09.2019, tok Oppland fylkeskommune (OFK) initiativ overfor nasjonalparkstyret for Reinheimen til eit prosjekt, da det er paralellar mellom besøksstrategi for Reinheimen og handlingsprogram for regional plan for Ottadalsområdet. Tema villrein og fangstkultur/kulturminne er aktuelle tema der fylkeskommunen også har mykje å bidra med. I samarbeid med Breheimen søkte forvaltar i Reinheimen i etterkant om midler til eit prosjekt om innhaldsproduksjon for informasjon til besøkande i Reinheimen og Breheimen. Hovedformålet med prosjektet er å bidra til ein besøksstrategi som skal styre ferdselen i nasjonalparkane. Prosjektet skal bidra til kanalisering av besøkande til hovudinnfallsportane (utanfor og i randsonane) som tåler auka besøk, og som gjev gode opplevingar og som bidreg til ivaretaking av verneverdiane. Med bakgrunn i søknaden frå Reinheimen og Breheimen, og i samsvar med handlingsprogram for Regional plan for Ottadalsområdet, tildelte Oppland fylkeskommune kr. 290.000,- til innhaldsproduksjon til besøksstrategi for verneområda i Breheimen og Reinheimen.

Etter tildeling av midler ble det etablert eit samarbeid med Nasjonalparkrikert reiseliv AS på bakgrunn av eit formidlingskonsept godkjent av arbeidsgruppa for prosjektet. I fyrste fase ble det produsert 6 små filmar tilrettelagt for publisering på sosiale medier for sidene til Reinheimen, Breheimen og Nasjonalparkriket reiseliv på facebook. Av ulike grunnar stoppa arbeidet opp, og det står att midlar i dette prosjektet øyremerka besøksstrategi Reinheimen og Breheimen.

## **Heimelsgrunnlag**

### **Delegering**

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

### **Verneformål – forskrift**

Formål med Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde er i hovudsak knytt til store naturverdiar for å sikre villrein sitt leveområde i eit stort samanhengande villmarksprega høgjellfjell. Eit eigenarta høgjellsøkosystem med variert biologisk mangfald, vassdragsnatur og kulturlandskap er og ein del av verneføremålet.

Verneforskriftene gjeld ikkje utanfor vernegrensene, men etter § 49 i naturmangfaldlova (nml.), skal myndigheit som behandlar saker etter annan lov som kan verke inn på verneverdiane i eit verneområde ta omsyn til desse verdiane i si vurdering.

## **Naturmangfaldlova**

§ 49 i naturmangfaldlova omhandlar «utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde», og gjev følgjande føringar: «Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.»


## **Vurdering**

Revidering av handlingsprogrammet med tiltaksplan skal bidra til gjennomføring av regional planen. Den regionale planen skal fastsette langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern, og har som mål å ta omsyn til framtida for villreinen og samfunnsutviklinga i planområda.

Det er presisert at ved denne rulleringa er det ynskjeleg at det vert teke tak i detaljer og konkrete tiltak, og spesielt ynskjeleg med innspel på korleis handlingsprogrammet og tiltak i fokusområda kan bli konkretisert og realisert.

Gjennom planarbeidet vart det avdekt problemstillingar som handlingsprogrammet tek opp i seg og tematikken har vore drøfta med ulike faggrupper og aktørar. Det er også ynskjeleg at det er dei 6 fokusområda som er peikt på som særskilt viktige, som nå blir prioritert i vidare arbeid med handlingsprogrammet.

Som vernemyndigheit for Reinheimen nasjonalpark er det naturleg at Nasjonalparkstyret for Reinheimen gir innspel til handlingsprogrammet. Den nordlege delen av Ottadalsområdet (Reinheimen-Breheimen villreinområde), er i all hovudsak innafor Reinheimen nasjonalpark inkludert dei tilhøyrande landskapsvernområde, som vist i kartet over villreinområdet under.



Kunnskapsgrunnlaget om villreinen sine utfordringar i området er godt og tilstrekkeleg for at vi i dag kan konkretisere og prioritere tiltak i handlingsprogrammet for den regionale plan. Dei største trugsmåla for villreinen er godt kjent som arealinngrep, menneskjelege aktivitetar og ferdse i leveområdet, i tillegg til sjukdom og parasittar og globale forhold som klimaendringar. Det er summen av alle belastningar som er avgjerande for villreinen. I tillegg er det kjent at reinen rullerar arealbruken. Beiteområde som ikkje har vore nytta på fleire tiår kan bli teke i bruk att, og rulling av arealbruken kan skje i syklusar på meir enn 30 år. Sjølv om beitebrukssyklusen kan vera vanskjeleg å dokumentere og gjera gjeldande arealbrukskonfliktar, er det viktig å ivareta alle intakte funksjonsområde for å sikre villreinbestanden si overleving.

Frå hausten 2021 vart dei nasjonale villreinområda klassifisert med lik metodikk. Oppdatert kartgrunnlag for funksjonsområder og fokusområder var nødvendig for å gjennomføre klassifisering etter delnorm 3, *Leveområde og menneskelig påvirkning*. Arbeidet med kvalitetsnormen understreker og tydeleggjer utfordringane i villreinområdet, og legger eit grunnlag for å kunne vurdere aktuelle tiltak som kan betre forholda for vilreinen. Reinheimen-Breheimen villreinområde ble klassifisert til **middels - gult nivå**. Med kvalitetsnormen og klassifisering av villreinområdet til har vi fått tydelege signal om at villreinen ikkje har dei optimale forholda den treng for å ha gode nok levekår.

Gjennom kvalitetsnormarbeidet er villreinen sin arealbruk også visualisert i kartforteljingar, som viser korleis villreinen truleg vil kunne bruke dei ulike areala til ulike tidspunkt.

Kartforteljingane er tilgjengelege for innsyn på nettsida til villrein.no:

<https://villrein.no/kvalitetsnorm/delnormtreinheimen-breheimen/>

Fokusområde er område der det er, eller er mistanke om at det kan bli utfordringar for villreinen som skuldast arealinngrep og menneskeleg aktivitet. Fokusområda er no teke med i Handlingsprogrammet for Ottadalsplanen som eit eiga punkt 7. Forvaltar tykkjer det er bra at fokusområda har fått eit eiga punkt i handlingsprogrammet, og at villreinsenteret som har hatt ansvar for arbeidet med oppdatering og kvalitetssikring av kunnskapsgrunnlaget til delnorm 3., blir direkte involvert i det vidare arbeidet med fokusområda knytt til Ottadalsplanen.



## Kommentarar til enkelte av punkta i Handlingsprogram 2023 – 2026:

### 1. Om haldlingsprogrammet

#### 9. avsnitt:

*Ein del av tema i handlingsprogrammet kan gå inn i den ordinære forvaltninga og bør slik gå inn i den løypande planlegginga og forvaltninga i dei offentlege forvaltningsorgana.*

*Fylkeskommunen må sørge for at kommunane har den kunnskapen dei treng for å følge opp den regionale planen.*

**Kommentar:** Tiltak i handlingsprogrammet som rører ved etablerte forvaltningsordningar, som t.d nasjonalparkforvaltninga, må tydeleggjerast slik at ansvar og samarbeidspartar for gjennomføring av ulike tiltak kjem tydeleg fram i handlingsprogram/tiltaksplan. Døme på det er motorferdsel og merking av stig og løyper som er regulert gjennom verneforskrifter og som dekkes av dagens forvaltningsordning som t.d. nasjonalparkstyra for Reinheimen og Breheimen.

### 2. Organisering, møteplassar og samordning

#### 2. avsnitt:

*- Det bør, framfor å organisere eit årleg dialogmøte, etablerast eit politisk råd for Ottadalsplanen. Dette vil bli ein arena for oppfølging av den regionale planen, og som medlemmar i rådet vert det invitert ein politiskar frå kvar av kommunane i planområdet (ordførar), ein fylkespolitiskar frå kvart fylke, ein representant frå kvar statsforvaltar og leiar av villreinemnda. Det bør utnemnast ein representant og ein vara. Det bør også vurderast å inviterast inn ein representant frå nasjonalparkstyra for Reinheimen og Breheimen. Dette er til dels liknande praksis som til dømes Hardangerviddarådet og Nordfjellarådet. Rådet vel ein rådsleiar og nestleiar.*

*Politisk leiing i dei tre fylkeskommunane har møte- og talerett i Ottadalsrådet.*

**Kommentar:** Forslaget om å etablere eit Ottadalsråd bør vurderast nærare, da det synest lite hensiktsmessig på grunn av dagens forvaltningsordning i området. Reinheimen og Breheimen nasjonalparker, samt deler av Jostedalsbreen nasjonalpark og Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, ligg innafor villreinområdet, og har en fungerande forvaltningsordning med nasjonalpark- og verneområdestyrer som forvaltar verneområda i tråd med nasjonale mål og internasjonale plikter. Nasjonalparkstyra er samansett av ein sentral politiskar frå kvar kommune med areal i verneområda, og ein politisk representant frå kvart fylkesting i området. I tillegg er Reinheimen-Breheimen villreinutval og Skjåk Almenning representert i styra. Det er heller ikkje relevant å samamlikne seg med Hardangervidda-området som har ein anna forvaltningsmodell for nasjonalparken. Ved å byggje opp ein ny organisasjon knytt til regional plan for Ottadalsområdet vil ein kunne skape en ytterlegare fragmentering i forvaltninga, og forslaget synest unødvendig for Ottadalsområdet.

Eit årleg fagseminar for erfaringsutveksling, oppfølging av regional plan i samarbeid med dei nemnde etablerte partane som kommunar, statsforvaltaren, nasjonalparkstyra og andre relevante fagmiljø knytt til utmark og villrein, er positivt og bør prioriterast høgt.

Det er viktig at administrativ faggruppe som ble etablert i samband med utarbeiding av Ottadalsplanen i 2021, blir vidareført, som ei formell og forpliktande faggruppe, for fagleg erfaringsutveksling og samordning mellom ulike ei forvaltningsnivå.

### 3. Ferdsl og kanalisering

Det står følgjande i 1. og 2. avsnitt: *- Med ferdsl og kanalisering er meint tema knytt til stig- og løypeplanar, motorferdsel og bandtvang. Den regionale planen og handlingsprogrammet er eit godt utgangspunkt for ei heilskapleg tilnærming til ferdsl og kanalisering som gjerne går på tvers av verneområde og andre forvaltningsområde.*

**Kommentar:** Den regionale planen vil vera eit godt utgangspunkt for å kunne ha ei felles tilnærming til turstigar og løypar, ulike ferdslsformer, til motorferdsel og bandtvang både utanfor og innafor vernegrensane. Turstigar som startar utanfor verneområdet og fortsetter

vidare inn i verneområdet, kan være utfordrande og føre til interessekonflikter. Eit konkret døme er det historiske «Olavsrådet», gjennom Reinheimen frå Lesja til Lom, som er finansiert for å merke og skilte fram til vernegrensa. Stigen er ikkje merka i Reinheimen og vernereglane opnar heller ikkje for nymerking inn i villreinområdet. For å følgje opp ferdsel og kanalisering må den administrative faggruppa være sentrale i ei ansvarleg arbeidsgruppe, og nasjonalparkforvaltningen må være representert i arbeidet med stig- og løypeplanar innafør Ottadalsområdet.

#### 4. Informasjon, formidling og kommunikasjon

**Kommentar:** Nasjonalparkstyret støtter det som står i 3. avsnitt - *Arbeidet bør resultere i konkrete tiltak og ressursbehov knytt til informasjons, formidling og kommunikasjon for planområdet samla sett, der hovudformålet er å betre villreinens levevilkår.*

Reinheimen er ein av dei største nasjonalparkane i landet, og skal i følgje målsetting i besøksstrategien behalde sitt særpreg som eit urørt område med lite besøk. Det er lagt opp til å kanalisere og styre besøkande til innfallsportar som tolar besøk utan å vera i konflikt med villrein, og til randsonar utanfor vernegrensane med infrastruktur som er robuste for å ta imot besøkande. Det er ei stor utfordring og sjølvmotsigande å ønskje *velkomen inn* til eit verneområde der ein ikkje vil ha meir besøk, men samtidig er det viktig å gje relevant og god informasjon om verneverdiar og villreinen i området. Dette krever også god kunnskap og fagleg innsikt i kommunikasjonsfaget, ikkje minst fordi publisering gjennom sosiale medie er blitt ein naturleg del av aktiviteten til dei som besøker og bruker i området.

Kommunikasjonsarbeid er komplekst og har i aukande grad blitt ein type driftsoppgåve som det er problematisk å dekke innafør dagens budsjetttrammer til nasjonalparkstyret, som er hovudansvarleg for informasjonstiltak i området. Informasjonsarbeidet er likevel fragmentert, spreidd på ulike aktørar, formelle og uformelle, private, autoriserte og offentlege. Ein stillingsressurs med profesjonalitet på informasjons- og kommunikasjonsarbeid, kan;

- Bidra til at forvaltninga framstår meir einheitleg og koordinert på tvers av vernegrenser.
- Få fram samarbeid med aktørar som driv aktivitetar i fleire verneområde.
- Bidra til differensiert forvaltning mellom ulike verneområde og i tid og rom
- Ein informasjonsmedarbeidar kan bidra til å skape betre dialog mellom forvaltning og næringsaktørar knytt til verneområda, som kan auke aksept for vernet.

Kommunikasjon og informasjonsarbeid er eit eige strategisk fag, og med dagens forvaltningsmodell er det verken tilstrekkelege ressursar eller god nok spisskompetanse til å kunne nå fram til publikum på ein profesjonell måte. Fordelen med å ha ein dedikert person som jobbar med informasjon og kommunikasjon er fleire. Sosiale media, informasjon på internett og dialog med reise- og næringslivet krev anna type fagkompetanse enn krav til ei naturfagleg kunnskapsbasert forvaltning av verneverdiane.

Det er urealistisk å få ressursar til informasjonsmedarbeidarar knytt til kvart nasjonalparkstyre, så samarbeidsmodellar som involverer fleire vil vera ei meir realistisk tilnærming. Nasjonalparkstyra meiner at samarbeid mellom dei 3 verneområda Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen synest mest kostnadseffektiv, og kan også gje synergjar i form av meir samarbeid på tvers av vernegrenser. Dei 3 verneområda er relativt ulike i forhold til kor stort besøkstrykk dei enkelte områda kan tole. Av den grunn vil det også vera nyttig å sjå fleire verneområde i samanheng. Gjennom eit samarbeid om kommunikasjonsoppgåvar kan ein i større grad prøve å styre ferdsla mot robuste område som toler besøk, og skjerme sårbare område som t.d. vinterbeite og kalvingsområde for villrein. Nasjonalparkstyra for Reinheimen, Breheimen og Jotunheimen gjekk derfor saman med det autoriserte besøkssenteret, Norsk fjellsenter, om å søke midler til ei informasjonsstilling for 2023. Det vart ikkje tildelt midler til ei slik stilling i 2023, da det ikkje er midler på statsbudsjettet.

Dei 3 verneområda er relativt ulike i forhold til kor stort besøkstrykk dei enkelte områda kan tole. Av den grunn vil det også vera nyttig å sjå dei tre verneområde i samanheng. Ei felles stilling i Ottadalsområdet som kan jobbe med konkrete kommunikasjonsoppgåvar for nasjonalparkane i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vil vera eit konkret tiltak i handlingsprogrammet som kan bidra til å auke kunnskap ut til lokalbefolkning og besøkande, for å styre ferdsla mot robuste område som toler besøk, og skjerme sårbare område for å betre forholda for villrein. Nasjonalparkstyret for Reinheimen vil foreslå at det gjennom


handlingsprogrammet blir lagt inn midler i eit spleiselag for å finansiere ei 100% informasjonsstilling som skal arbeide med kommunikasjonsoppgåver for verneområda Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen og Norsk fjellsenter.

Det er også positivt at det blir oppretta ei arbeidsgruppe for informasjon, som har ansvar for kommunikasjonsarbeid innafor planområdet. Det autoriserte besøksenteret for nasjonalparkane i villreinområdet bør ha ein plass i arbeidsgruppa på lik line med dei andre nemnde aktørane. I tillegg må den evt. ny stillinga plasserast i ei informasjonsgruppe.

## 7. Fokusområde

**Kommentar:** I første avsnitt står det at ved fyrste rulling av planen, er det ein føresetnad at det blir teke fatt i konkrete tiltak som kan leiast ut frå dette fyrste handlingsprogrammet, og at ein då går inn på detaljar og konkrete tiltak. I den vedlagte tabellen over fokusområda er det lista opp utfordringar og forslag til tiltak, men tiltaka er ikkje konkretisert, og heller ikkje kven som har ansvar for oppfølging, eller aktuelle samarbeidsaktørar. Avklaring av ansvar er viktig for å sikre oppfølging av tiltak i handlingsprogrammet.

I den regionale planen er det vist til 6 fokusområder, og nasjonalparkstyret vil tilrå at desse blir løfta fram i tiltaksplanen, prioritert med konkrete tiltak og ansvarleggjort med økonomi og framdriftsplan. Nasjonalparkstyret vil også peike på at alle fokusområda enten ligg innafor Reinheimen eller Breheimen nasjonalpark inkludert tilhøyrande landskapsvernområde, som betyr at konkrete tiltak vil kunne røre ved verneregiane for områda.



Kartet over viser fokusområda i Ottadalesområdet, der dei 6 med ring rundt er peika på som særskild viktige jf. kap. 4.5 i regional plan.

Forslag til tiltak må tydeleggjerast, konkretiserast og prioriterast, slik at dei som ikkje er relevante blir fjerna frå tiltakslista. I tillegg er det nødvendig med ein gjennomgang av kven som har ansvar og formell myndigheit i området i dag, og gjere ei avklaring på kva t.d. nasjonalparkforvaltninga i områda handterer gjennom verneforskrifter/forvaltningsplanar, og kva kommunen, fjellstyra og villreinutval/-nemnd handterer gjennom planar, lovar og regler. I tillegg kan det også være hensiktsmessig å ta med relevante samarbeidsprosjekt og prosesser som skjer parallelt i planperioda, som t.d. revisjon av forvaltningsplaner, besøksstrategier osv.

Merknader til lista over fokusområda er markert med gult i tabellen under:

1. Fokusområde	utfordring	Forslag til tiltak	Ansvar/samarbeid /parallele prosjekt
1	<p>Trollstigen</p> <p>Trekk nesten gått ut av bruk pga. mye trafikk på sommarhalvåret (Fv 63).</p> <p>Langsiktig perspektiv: hyttebygging gje eit ekstra press.</p> <p>Vårskiturar mot Brøstdalen - uheldig i kalvinga.</p> <p>Villrein ved Trollstigen blandar seg ikkje med andre stammar</p>	<p>Kanalisering av ferdsel vestover. Konsentrere ferdsel mot Kløvstien i Trollstigen.</p> <p>Viktig å hindre ferdsel austover i retning Brøstdalen.</p> <p>Ynskjeleg med naturleg blanding av stammar – krev at det ikkje er trekkhindringar mellom stammane.</p>	
2	<p>Brøstdalen-Re Indalen</p> <p>Trekkeområde til og frå beiteområda i nord + kalvingsområde sør for Pyttbudalen.</p> <p>Ferdsel inn i villreinområde knytt til DNT-hytter, private hytter i Brøstdalen og ferdsel frå Bjorli.</p> <p>Mogleg renovering av Pyttbua-erfaringsvis gir det meir besøk.</p> <p>Det er ynskje om fleire skiløypar langs dalbotnen.</p>	<p>Kanalisering av ferdsel til dalbotnen eller vekk frå dalen (særleg sommarstid).</p> <p>Er det mogleg å redusere tal biler inn i Brøstdalen? Veggen er stengt vinter- og vår.</p> <p>Ja veggen er stengt mellom 1.des-1.mai</p> <p>Bom ved Kabben?</p> <p>Kommunikasjon med DNT om besøk til hyttene og ferdsel langs stiar</p> <p>Moglegheitsstudie Bjorli? – Besøksstrategi Reinheimen</p> <p>Pyttbua aktuell for scenarioanalyse (NINA)? – prosess på gang</p> <p>Forvaltningsplanen skal reviderast God dialog og involvering – kan fjernast da dette arbeidet er ikkje tiltak i regional plan</p>	<p>Nasjonalparkstyret for Reinheimen forvaltar området gjennom verneforskrifter og forvaltningsplan</p> <p>Forvaltningsplan – revisjon med oppstart 2023</p> <p>Scenarioanalyse – v/NINA</p> <p>Dialog med DNT – Nasjonalparkstyret og villreinforvaltning</p>
3	<p>Asbjørnsdalen</p> <p>Indre deler av dalen tidlegare viktig kalvingsområde.</p> <p>Viktig i juni pga sein snøsmelting.</p> <p>Føre var ift. framtidig menneskeleg aktivitet (spes frå Bjorli)</p> <p>Merking av turstiar – Kor og kor ikkje Hytteeigarar – vil finne nye stiar</p> <p>Fly med fallskjermhopperar</p>	<p>Informasjonspunkt ved dagsturhytte på Rånåkkollen gjennomført (Sti- og løypeplan)</p> <p>Kommunikasjon inkl. reiselivet!</p> <p>Skilt opp til Brennhø bestilt – avgrense ferdsel inn i Asbj.d. – OBS: uheldig med skilting inn mot Asbjørnsdalen frå veggen/P-plass, burde unngås. – avslag på søknad jf. vedtak i sak 5/2023 – Nasjonalparkstyret for Reinheimen</p> <p>Ferdselstellare?? – besøksundersøking Reinheimen i 2022, inkl. ferdselstelling</p> <p>Moglegheitsstudie Bjorli</p> <p>Reiselivet viktig i informasjonsarbeidet – Besøksstrategi Reinheimen</p>	<p>Nasjonalparkstyret for Reinheimen forvaltar området gjennom verneforskrifter og forvaltningsplan</p> <p>Forvaltningsplan – revisjon med oppstart 2023</p>

4	Grotli – Breiddalen	Sommararbeite + kalvingsområde. Trekkpassasje nord-sør. Mye hytter ved Grotli som fører til ferdseil + mye trafikk på rv15. Breidalsvannet regulert. Brøyting til hytter. Skuterbruk og catskiing	Stenge rasteplassar v/Langvatnet deler av året? Tunell forbi trekkveier (Rv15) – 3km lengre enn planlagt nå? Planprosess i gang. SVV er i dialog med miljømyndigheit jf. møte i Loen i haust Begrense skutertransport frå Grotli til sommarskiseret? Mulig å regulere gjennom dagens forvaltningsordning, og Verneforskrift for Breheimen Fjerne rasteplass ved Geirangerkrysset? – vegprosjekt ny tunnel Viktig å få fram omsyna til villreinen ved planlegging av ny Strynefjellsveg. – prosessen er i gang og SVV har hatt møte med miljømyndigheiter tidleg i prosessen	Nasjonalparkstyret for Breheimen forvaltar området sør for Breiddalen gjennom verneforskrifter og forvaltningsplan Kommunen Statens vegvesen
---	---------------------	---	---	--

5	Lordalen	Viktig trekkpassasje, beiteområde og kalvingsområder i fjella rundt. Vidareføre stabil situasjon! Arealunnvikelse Frodig beitedal Skilting	Unngå vinterbrøyting – privat veglag Halde ferdseil i nord ? Betre informasjonsformidling og dialog – unngå aukande ferdseil. – flyttes til Informasjonstiltak, informasjonsstilling Viktig å halde Lordalsvegen stengt så lenge som mogleg for å unngå trafikk inn tidleg på våren, også når vinterperioden blir kortare. – kan reguleres i forvaltningsplan og bør tydliggjøres der Kommunikasjonstiltak ifm skilting og ferdseil, + informasjon ift villreinjakta. Temakart om villrein. Forankra i besøksstrategien til np. – generell utfordring, og nasjonalparkforvaltninga treng styrka ressursar til kommunikasjonsoppgåver, jf. informasjonsstilling. Pågåande arbeid med forvaltningsplan. - JA revisjonsarbeidet har starta opp	Nasjonalparkstyret for Reinheimen forvaltar området gjennom verneforskrifter og forvaltningsplan Forvaltningsplan – revisjon med oppstart 2023
---	----------	--	--	---

6	Slådalen	Vinterbeiteområde. Usikkerheit rundt årsak til arealunnvikelse i aust, mykje rein her før. Forslag til årsak: Veg og høgspenlinjer trekkhindring vinter og vår. Trening av hund på Lesjasia vinter-vår. Eit problem? Også i trekkpassasja. Aukande biltrafikk Infopunkt – parkering her + overnatting	Legg ned kraftlinja som ikkje er i bruk – ikkje aktuell Tunnel Vågå – Lesja – usannsynleg, ikkje aktuell Prøvetiltak: «Stans og parkering forbode»? Periodisk stenging av vegen? Vegen er vinterstengt, men opnar så fort forholdsvis gode nok. Med mildare vintrar kan det kollidera med arealbruken og trekket til villreinen. Aktuelt med scenarioanalyse? (NINA)	Veglager Lesja og Vågå kommuner Villreinnemnd/utval
---	----------	---	---	---

		Blir brøyta i slutten av mai. 2022: 15879 passeringar fordelt på to sider.		
7	Strynefjellet – Tystigen	Sommarbeite + trekkpassasje Ferdsl sommar + telting Skiløype vinter Trafikk sommar Nasjonal turistveg – må ikkje være ein like stor utfordring som vegen i Breidalen	Legge skiløypa i skogen i staden for på høgfjellet Vurdere nøye rasteplassar og informasjonspunkt langs vegen Må inn i planlegginga av Grotli-Breidalen – sjå heilskapen. Avgrensing av trafikk mtp villreinomsyn?	Nasjonalparkstyret for Breheimen forvaltar området sør for Breiddalen gjennom verneforskrifter og forvaltningsplan  Kommunen  Statens vegvesen
8	Bispberget/ Aursjø-området	Heilårsbeite, men brukast mest om hausten av villrein. Tidlegare trekkveg aust-vest. Sterkt avgrensa etter kraftutbygging i 1965. Friluftsområde: mye ferdsel nå og i framtida, mest sommar. Sør for Aursjøen: villreinen litt stengt her. Freda for villreinjakt i 2011. Ferdsl: området mye brukt sommar, haust og før jul. Mye motorferdsel frå Aursjøen	Unngå bruk vinterstid Ikkje brøyte vinterstid Informasjonsskilt Diskusjon ang tidspunkt for køyring i forvaltningsplanarbeidet (Vassdragsregulering) Ferdsl: følge med på mengde og tid på året.	
9	Honnsjoen/Lia fjellet	Viktig vinterbeiteområde. Sterkt og konsentrert reinstrekk. Lett tilgjengeleg for ferdsel heile året Hytter – fiske- og jaktbuer, lokal bruk Ferdsl største utfordring, med mykje nyttekøyring og vårskiturar.	Må være føre-var ift aukande ferdsel. Køyring må skje seint når reinen har trekt ut av området. – revisjon av forvaltningsplan for Reinheimen viktig	Nasjonalparkstyret for Reinheimen forvaltar området gjennom verneforskrifter og forvaltningsplan  Forvaltningsplan – revisjon med oppstart 2023

10	Lomseggen	<p>Grenseområde villrein og tamreindrift. Vinterbeiteområdene Lom tamreinlag. Overlappende arealbruk villrein-tamrein vinter/vår</p> <p>Trekkpassasje og arealbruk for villrein redusert pga tamrein vinter/vår med konflikt mars/april.</p> <p>Tamreinlaget: Utfordring med at trekkrutene ikkje er farbare tidsnok</p>	<p>Prøveprosjekt 2-3 år? Jakt på langsida (Lom) (sør-øst)?</p> <p>Vinn-vinn situasjon – beskytte dyrelivet + betre for villrein til Luster også</p> <p>Viktig med god dialog, med formaliserte møter, referat, konkrete tiltak, oppfølging osv.</p> <p>Har gjort tiltak med å dele flokken i to, men krev ekstra ressursar.</p>	
11	Vest-Jotunheimen /Sognefjellet	<p>Utveksling mellom Vest- Jotunheimen villreinområde og Ottadalen villreinområde. Fleire tidlegare trekkpassasjer utgått. Ein står att. Viktig å oppretthalde minst ein korridor.</p> <p>Turstiar + skiløyper – aukande utfordring.</p> <p>Andre utfordringar: anleggsveggar, kraftmagasin og tamreindrift</p> <p>Mogleg hyttefelt rundt Turtagrø?</p> <p>Største barrieren for trekk rundt Turtagrø?</p>	<p>Kanaliserings av ferdsel. Tiltak knytt til kraftverket?</p> <p>Lyfte fram ferdsel frå Turtagrø som ein aukande utfordring.</p>	
	Sota Sæter	<p>Trekkpassasje Sekken-Sotflyi-Illvatnet (videre inn mot Luster). Sekken viktig vinterbeite for bukk. Villreinen må kunne ta i bruk området vest for Sota sæter.</p> <p>Snøskutertransport (leigekøyring osv.)</p> <p>Mengde ferdsel aukande, med mykje trafikk i Sota-området.</p> <p>Nå heilårsdrift på Sota Sæter – dvs. også vinterbrøyting av veg.</p> <p>Hytter</p> <p>Toppturar heile året</p>	<p>Få på plass overvakingssystem for ferdsel? Kommunikasjonsgruppe</p> <p>Må være føre var ift aukande ferdsel og bruk på fleire årstider.</p> <p>Mogleg å regulere ferdsel?</p>	

	Framrusti	Trekpassasje Veier inn til Raudalsvatnet	Kan sankekke bli flytta til Framrustsætre? Bom på øvre veg til Raudalsdammen deler av året?	
	Alle	Rovdyr/sau/salt steiner – korleis verker dette på villreinen?	Behov for meir kunnskap?	
		Ferdsl	Kvot for køyring for alle områda? (ikkje per hytte) – Kan inngå i ein ferdselsplan regulert gjennom leigekøyringsordning og vernereglar innafor verneområdene	Kommunane <b>Nasjonalparkstyrene</b>
		Vårskitur	Informasjon, bl.a. i Fri Flyt og liknande friluftsmagasin.  <b>Kommunikasjonsarbeid, jf. tiltak informasjonstilling</b>	Kommunikasjon og informasjonsgrup pe
		Ferdsl	Felles sti- og løypeplan for heile området?  <b>Forvaltningsplanar og besøksstrategi</b>	Se kap. ? Ferdsl  <b>Kommunar, nasjonalparkstyrer, fjellstyre, grunneigar, villreinnemnd/- utval</b>
		Informasjon	Betre informasjon om villreinomsyn Meir informasjon retta mot varturar Informasjon må ikkje føre til meir ferdsel som er uheldig for villreinens arealbruk.	Kommunikasjon og informasjonsgrup pe  <b>Villreinarven</b>  <b>Ny informasjonsstilling for nasjonalparkane Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen, Besøkscenter NP</b>
		Besøksforvaltning	Kopling til besøksstrategiane for verneområda.  <b>Kommunikasjonsarbeid</b>	Kommunikasjon og informasjonsgrup pe + sti- og løypeplanar  <b>Villreinarven</b>  <b>Ny informasjonsstilling for nasjonalparkane Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen, Besøkscenter NP</b>
			Villrein og kulturminnar (290 000kr frå Oppland fylkeskommune) – samarbeid mellom Nasjonalparklivet Reiseliv og Nasjonalparkforvaltninga – kan koplant mot informasjonsformidling i hp?  <b>Kommunikasjonsarbeid</b>	Kommunikasjon og informasjonsgruppe  <b>Ny informasjonsstilling for nasjonalparkane Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen, Besøkscenter NP</b>







Arkivsaksnummer: 2022/7191-3

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 16.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	29/2023	05.05.2023

## Finndalen LVO - dispensasjon - rive eksisterende hytte - oppsetting av ny hytte gnr 159/1 festnr 10 - Mona og Arild Fallingen

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Arild Fallingen dispensasjon til følgjande:

1. Ta ned og fjerne eksisterande tømmerhytte på Selbu.
2. Sette opp ny hytte på på Selbu, for å erstatte hytta som er teke ned.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Bygningsmaterialet på hytta som blir teke ned skal fjernast frå Selbu, men kan lagrast på Sterringen seter for vurdering av evt. gjenbruk på setra.
- Ny hytte, skal etter oppføring ha eit utvendig areal på inntil 58 m<sup>2</sup>, (8 m x 7,25 m).
- Hytta skal oppførast i laft med påbygd sval/skut langs eine langveggen som vist i skisse vedlagt søknaden. Utvendig kledning på sval/skut skal være panel.
- Vindauga skal plasserast og ha slik utforming som vist på skissa i søknaden.
- Ny hytte skal plasserast på eksisterande tomt, enten på støypt fundament blenda med naturstein, eller på ringmur i naturstein.
- Takmaterialet på ny hytte skal vera torv.
- Tømmerveggane og evt. utvendig kledning på bygningen skal vera ubehandla for naturleg gråning, eller påførast mørk brun farge.
- Bygging av terrasse, platting eller veranda er ikkje tillate.

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding og fjerning av bygningsavfall frå verneområdet er sett til **24.06.2026**.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Vedlegg:
  - 1 - Tilstandsrapport Selbu - 15.08.22 - GMv/Håvard Syse
- Uttale frå Kulturarv, Innlandet fylkeskommune, 22.03.23
- Søknad frå Arild Fallingen, 01.07.2022
- Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret 07.09.2015, sak FMOP 2014/4351

## Saksopplysningar

### Søknaden

Arild Fallingen søker om å rive eksisterande bygg på fritidsfeste Selbu (157/1//10), og sette opp ei ny hytte på same festetomt.

I søknaden står følgjande:

*Etter nærmere besiktelse har vi besluttet at hytta i Selbu er i en veldig dårlig forfatning. Søker derfor om å rive eksisterende bygg for oppføring av ny hytte. Flaten Bygg har liggende klar ny laftetkasse som vil passe fint inn på tofta.*

*Vedlagt følger tegning.*

*Vi ønsker og skåle, dette kan vi prate mer om på befarung.*

Vedlagt teikning av ny hytte:



Vedlagt skisse av ny hytte har eit mål på 8 x 7,25 m. Laftetkasse med båbygd sval/skut.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020

### Verneformål – forskrift

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er mellom anna å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart (Verneforskrift § 2).

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar,...

Riving og oppføring av nye bygg er forbode etter denne regelen. Det må derfor gjevast dispensasjon for at både riving og oppføring av nytt bygg skal være lovleg.

Forvaltningsstyresmakta kan etter verneforskrift for Finndalen lvo, § 3, pkt. 1.3, gje løyve til:

b) *oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- og seterformål*

-----

f) *riving av seteranlegg*

Ny frittstående bygning til fritidsformål er ikkje spesifisert i verneforskriftene, og må vurderast som unntak frå vernereglane, og behandlast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48: « ..det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og det ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro. § 48 fyrste alternativ dekker forhold der verneføremålet og verneverdiane toler enkeltstående avvik frå vernereglane.

### Forvaltningsplan

#### **Riving av seteranlegg § 3, pkt 1.3, f**

*Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til å rive bygning knytt til seteraktivitet. Dette gjeld i tillegg til seterhus, både fjøs, høyløer, buer og uthus, uansett teknisk stand. Forvaltningsstyresmakta skal hente inn fagleg råd frå kulturminnevernstyresmakta med behandling av søknad. Forvaltningstyresmakta kan gje løyve til riving dersom bygningen ikkje inngår i nokon heilskap på plassen. Ved riving for flytting og oppsetting på anna tomt utafor seterstulen, skal det ikkje gjevast løyve.*

#### **Nye bygg for jordbruks- og seterformål § 3, pkt 1.3, b**

*Bygg for jordbruks- og seterformål omfattar dei formål og bygningar som til kvar tid inngår i gjeldane seterforskrift til fjellova. Finndalen landskapsvernområde 127 Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta tillate oppført nye bygg for jordbruks- og seterformål. Nye bygg for jordbruks- og seterformål skal innafor ei forsvarleg økonomisk ramme, utformast i tråd med den tradisjonelle byggjeskikken, men likevel tilpassast gjeldande byggtekniske krav og nyare driftsmessige behov. Nye bygg skal plasserast i terrenget slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet. Oppføring av nye bygningar og anlegg (gjerder, buer og klopper) som er nødvendige til jordbruksføremål vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det blir ikkje gjeve løyve til nye byggverk i ubebygde område.*

Forvaltningsplan omtalar retningsliner for byggjeskikk på s. 126 og 127:

**«Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, b og 1.3, b og c.**

*Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i*

- *Materialval*
- *Byggjeteknikk*
- *Utforming og farge, jf. opplistinga ovafor.*

*Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet.»*

Om fritidsbygg står det følgjande:

*«For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstiger 75 m<sup>2</sup> (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks 3 bygningar. Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen.*

*Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar er: i sårbare område som snaufjell eller seterområde, av omsyn til andre bygningar i nærleiken, av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m<sup>2</sup> ikkje er ønskeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk.*

*Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate.»*

## **Naturmangfaldlova**

Naturmangfaldlova § 48 sett strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna myndigheiter spiller også inn. Dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttas for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet. Det er fyrste alternativ i naturmangfaldlova § 48 første ledd som vil kunne bli anvendelse i dette tilfelle.

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

## **Presedens**

I enkeltsaker som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## **Vurdering**

Selbu ligg i furuskogen for seg sjølv, på ei grøn ope lita slette, ca 500 meter aust for seterstulen Sterringje (markert på flyfoto under). Selbu har truleg vore ein buplass frå langt attende i tid, men før bygningen vart nytta som fritidsbygg, har plassen vore brukt i skogsdrift der hest vart nytta. Selbu er ikkje ein del av setermiljøet på Sterringje, og er i dag eit fritidsfeste for fritidsformål.



Det vart gjennomført synfaring på Selbu 15.08.22, der søkjar,bygingsrådgejvar i Gudbrandsdalsmusea og forvaltar deltok.



Foto: Selbu 15.08.22

Stall og sel på Selbu vart bygd saman i 1949, og nasjonalparksforvaltar merka seg på synfaringa 15.08.22 at stallen som var bygd saman med hytta er rive og fjerna etter 2015, utan at tiltaket som førre eigar fekk dispensasjon til er gjennomføre, jf. vedtak i Nasjonalparkstyret 07.09.2015, sak FMOP 2014/4351. Søkjar er ny eigar, og kjøpte fritidsfeste etter at stalldelen til hytta vart rive. Forvaltar vil likevel merke at fjerning av stalldelen utan at restaureringstiltaket ble gjennomført, er uheldig for verneverdiane i området, da bygningen hadde stor verneverdi som dokumentasjon på tidlegare bruk av naturressursane i området. Fylkeskommunen skreiv i si uttale i 2015 at dei ikkje kjente til at det finnast andre slike bygningar med samanbygd hytte og stall brukt i samband tømmerhogst i denne delen av fylket.

Bygningsrådgjevar ved Gudbrandsdalsmusea har etter synfaringa på Selbu, 15.08.22, sendt ein ny tilstandrapport på hytta som står att, med ei vurdering av noverande situasjon og av evt. nybygg på Selbu. ( rapport vedlagd)

*«Vegen til Selbu går gjennom setertunet deira, vegen er eit gammalt råk brukt av folk og dyr. Fallingen har overteke Selbu, feste med gammal skogskoie. Det er aktuelt å bruke setra og området til aktiv formidling og kursverksemd, spesielt på bruk og stell av hest. Selbu er da aktuell plass for ekstra overnattingskapasitet.*

*Hytta/ koia som står i dag på Selbu, er lafta, tidlegare stod det stall inntil i lengderetning. Det er berre lafta-delen som står att. Tidlegare restaurering er mangelfull, det er lite aktuelt å bruke dette som overnattingshus. Laftekassa kan takast vare på og gjenbrukast til nyttig formål.*

*Historisk bruk av området var skogsdrift, attåt seterdrift.»*

Bygningsrådgjevar har vurdert tømmerhytta som står att til å ha liten antikvarisk og landskapsmessig verdi, sjølv om den kan knyttast til bruken av området. I nåværande situasjon er den funksjonelle verdien av hytta liten, da det er behov for tiltak og evt. gjenbruk som ysthus, eldhus, koie knytt til seterdrifta etc.

Oppføring av ny hytte som omsøkt er etter bygningsrådgevaren si vurdering i samsvar med tradisjonell og lokal byggeskikk. Form og ytre mål er lik fleire seterhus i Finndalen, med sval langs eine langvegg med inngang og eit soverom. Eit nybygg på Selbu som har nødvendige rom og funksjonar, og kan også styrke seterdrifta.

Regional kulturmyndigheit har fått saka til uttale, og har i e-post 22.03.22 gjeve slik uttale: *«Hei, da har jeg sett på rapporten fra bygningsvernråd giver og vi støtter hans vurdering i at dette kan tas ned og lagres eller brukes et annet sted. Det er viktig at seterdrift opprettholdes og det er derfor greit med et lite nybygg i tradisjonell stil for Finndalen. Vi har ellers ingen merknader utover rapporten til Håvard Syse.»*

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er fyrst og fremst knytt til natur- og landskapsverdiar, for å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø og vegetasjon og kulturminne utgjer ein vestentleg del av landskapet sin eigenart.

I Forvaltningsplan for Reinheimen frå 2010 kan det sjå ut som at det berre er teke høgde for at det er behov for å oppføre nye bygningar til jordbruks- og seterformål, men ved vedliekhald og restaureringstiltak skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i materialval, byggjeteknikk, utforming og farge. Tiltaka skal helle ikkje danne ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet. Sidan Selbu er eit fritidsfeste som ligg ca 0,5 km aust for Sterringen seter, vil ikkje bygget påverke bygningsmiljøet på setra i vesentleg grad.

Kunnskapen om naturverdiar, kulturlandskap, bygningsmiljø i Finndalen er godt, jf. nml § 8. Tiltaket vil ikkje føre til endra bruk, eller danne ein kontrast til eksisterande busetnad som verkar skjemma i landskapet. Ved å ta ned hytta på Selbu og erstatte den med ei ny hytte i tradisjonell stil, vil det også kunne bidra til å ta vare på historia, og den tradisjonelle bruken av området.

Forvaltningsmyndigheten kan midlertidig etter naturmangfoldlova § 48 første ledd, første alternativ gje dispensasjon til tiltak som ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Dette betyr at det kan gjevast dispensasjon dersom riving av eksisterande hytte og oppføring av den nye omsøkte hytta ikkje er i strid med verneformålet eller ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

Teikning av den nye hytta, vedlagt søknaden, viser at bygget er utforma i tradisjonell stil som harmonerer godt med eksisterande busetnad i landskapsvernområdet.

Sjølv om riving og oppføring av ny bygning til fritidsformål ikkje er i trå med verneforskrift, vil formålet med tiltaket i denne saka ikkje verke skjemma på landskapet slik at det strider mot verneformålet eller påverkar verneverdiane nemneverdig. Vilråra for å gje dispensasjon etter naturmangfoldlova § 48 fyrste ledd, første alternativ er såleis oppfylt. Den nye hytta vil harmonere godt med eksisterande byggeskikk i landskapsvernområdet.

Dersom ein gir dispensasjon skal ein også vurdere presedensverknaden, ved ei konkret vurdering av kor mange andre søknader ein kan forvente i området, jf. naturmangfoldlova § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning). I Finndalen er det 4 seterstular med 32 setre og ca. 5 fritidsfeste innafor seterdalen. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med seter og fritidsfeste kan få dispensasjon til liknande tiltak vera til stade. Forvaltar har vurdert sannsynlegheita for at det vil bli mange parallelle saker som relativt små. Det er god oversikt over landbruksnæringa og aktiviteten i Finndalen og verneområda elles. Tiltaket er eit ledd i utvikling av landbruksnæringa, der situasjon på Selbu er ny da fritidsfeste er på same eigarhand som drivarane av Sterringen seter. Enkelttiltaket det er søkt om er knytt til ei eksisterande seter i drift, og samla omfang av liknande søknader vil neppe koma på eit nivå som gjev samla belastning på området over akseptabelt nivå, jf. nml § 10 «økosystemtilnærming og samla belastning» og presedensverknad.

Tiltaket strider ikkje mot verneføremålet, og vil ikkje vera til ulempe for verneverdiane i området.





## Tilstandsrapport bygninger og anlegg

<b>Gnr bnr</b>	
Eigar	Mona og Arild Fallingen
Adresse	Skjåk
<b>Objekt</b>	Selbu, feste med eldre koie, ved eksisterande seter som høyrer til garden deira.
Byggjeår	
Vesentlege endringar årstal	
<b>Tilstandsrapport</b>	<p>Synfaring 15.8.2022, Kristine Sørлие, Mona og Arild Fallingen, Håvard Syse.</p> <p>Seterdrifta skal utvidast med mjølking av geiter, 70-80 geiter. I tillegg består buskapen av ammekyr, sau og dølahester. Dei bur på setra heile sommarsesongen.</p> <p>Vegen til Selbu går gjennom setertunet deira, vegen er eit gammalt råk brukt av folk og dyr.</p> <p>Fallingen har overteke Selbu, feste med gammal skogskoie. Det er aktuelt å bruke setra og området til aktiv formidling og kursverksemd, spesielt på bruk og stell av hest. Selbu er da aktuell plass for ekstra overnattingskapasitet.</p> <p>Hytta/ koia som står i dag på Selbu, er lafta, tidlegare stod det stall inntil i lengderetning. Det er berre lafta-delen som står att. Tidlegare restaurering er mangelfull, det er lite aktuelt å bruke dette som overnattingshus. Laftekassa kan takast vare på og gjenbrukast til nyttig formål.</p> <p>Historisk bruk av området var skogsdrift, attåt seterdrift.</p>
	

*Selbu. Stall-delen med inngang er fjerna*



*Austvegg*



*SØ hjørne, isolert med glava, kledningen er ikkje tett, det kjem inn mus og vatn.*



*Delar av eldre peis er gjenbrukt. Utførelsen er ikkje tilfredsstillande, råfuger med sementmørtel mm. Innvendig panel er stopper uten avslutning bak peisvange, her kjem både mus og røyskatt fram. Tilstanden til tømmeret innafor panel/ kledning er ukjent.*



Antikvarisk verdi	Liten, kan knyttast til bruken av området.
Landskapsmessig verdi	Liten, tilstand er ufullstendig pt. Det er behov for tiltak.
Funksjonell verdi	Liten i nåværande situasjon. Gjenbruk for eksempel ysthus, eldhus, koie etc.
	<b>Ny situasjon:</b>
Antikvarisk verdi	Ny hytte, lafta, etter tradisjonell og lokal skikk.
Landskapsmessig verdi	Form og ytre mål lik fleire seterhus i Finndalen. Sval/ bu langs eine langvegg med inngang og eit soverom.
Funksjonell verdi	Eit nybygg som har nødvendige rom og funksjonar, og kan styrke drifta.
<b>Vedlegg</b>	